

# Fitjar kommune



## Notat

Dykkar dato: Vår dato: 06.12.2023  
Dykkar ref: Vår ref: 2023/562  
Arkiv: 150  
Sakshandsamar: Trond Salmo

Til: Kommunestyret

Avd.:

## Diverse spørsmål vedk. budsjett

Spørsmål frå ordførar 27. november (**Kommunedirektøren sine svar i raudt**).

Kostnad kr. 1,5 mill. på auka kommunelege.  
Kva inngår i denne kostnaden ?

**Kostnadsauke på 1.5 mill. på legesenteret, er at legesenteret vert auka med 30 % stilling til kommuneoverlege, ein 100% stilling til fastlege og 80 % stilling til hjelpepersonell.**

**Det er lagt inn med drift med auke i kommunelegestilling og legestilling frå 1. mai.  
Kontorpersonell er lagt inn frå 1. mars.**

Kostnadane vert fordelt slik:

<b>Stillingar</b>	<b>Utrekning</b>	<b>Sum</b>	<b>Kostnad</b>
100%Fastlege stilling:	Kr 1.100.000 x 1,30/12mnd. x 8 mnd.	Kr 953 333,-	
30 % auke i kommuneoverlegestillinga: Praksiskomp. Jf SFS, for næringsdrift m/ kommunale oppgåver:	Kr 1.200.000 x 30 % x 1,30/12mnd. x 8 mnd. Kr 200 800/12mnd. x 8 mnd.	Kr 312 000,- Kr 133 866,-	
Helsepersonell/labratorie 80 % stilling:	Kr 569 100 x 80% x 1,30/12mnd. x 10 mnd.	Kr 493 220,-	
<b>Bruttokostnad</b>			<b>Kr 1 892 419,-</b>
<b>Inntekt HELFO-refusjon og eigenandel frå fastlege:</b>		<b>Kr 400 000,-</b>	

### **Grunngjeving for auke opp kommuneoverlegestillinga:**

I tillegg til å ha ei fastlegeordning pliktar kommunar å ha ein medisinsk-fagleg rådgjevar som skal titulerast kommuneoverlege (jf. helse- og omsorgstenestelova, forskrift om fastlegeordning, og særavtalen SFS 2305). I særavtalen mellom KS og Den norske legeforening står det i § 13 at kommunen skal legge til rette for at stillinga som kommuneoverlege utgjer minst 50 % av full stilling. Kommuneoverlegen (KOL) har ansvaret for kommunen sitt helsefremjande arbeid med folkehelse og miljøretta helsevern, psykisk helse, beredskapsarbeid og krisehandsaming, sikra kvalitet i tenesta og forsvarlege helsetenester til innbyggjarane. I tillegg skal kommuneoverlegen vera medisinsk-fagleg rettleiar ovanfor fastlegar og kommuneadministrasjonen, og samhandlar med helseføretak, helsefelleskap, nabokommunar, frivillige organisasjonar og statsforvaltar. Erfaring frå pandemien har vist kor viktig det er å ha ein kommuneoverlege som føl opp hendingar, planverk og er til støtte for kriseleieing og andre kommunale etatar. Dimensjonen på stillingsstorleik av kommuneoverlegefunksjonen må stå i forhold til arbeidsmengda og bør difor styrkast i kommunen. Kommuneoverlegen i Fitjar har sidan 2020 hatt ei 20 % stilling, fram til 1. september 2023 kjøpte kommunen denne tenesta hjå dr. Kvamme, gjennom oppdrag som næringsdrivande. Kommunen har undersøkt med samanliknbare kommunar som Tysnes, Etne og Sveio vedr. stillingstorleik på kommuneoverlege. Tilbakemeldinga frå disse kommunane er at alle pr. i dag har ein kommuneoverlege i ei 50 % stilling, noko som dei får tilbakemeldingar på, er forlita stilling sett opp mot oppgåveportefølgjen som føl stillinga.

Skal Fitjar klare å behalde ny kommuneoverleg må ein auke opp stillinga til 50 % kommuneoverlege. Dersom/- eller når kommuneoverlegen får omgjort stillinga til 50 % KOL og står att med 50 % næringsdrift, bør pasientlista gå frå 900 og ned til 600.

Fitjar legesenter har pr. i dag fastlegeliste til 2 600 pasientar, fordelt på tre legar og ein LIS1-lege, dette inneber at ein manglar 600 på fastlegeliste for å stette innbyggjartalet på 3 200. Dersom ein legg til grunn at ein får opprette ei kommuneoverlege i 50 % stilling vil ein mangla ei liste til 900 pasientar. Pr. 1. nov. 2023 var det i tillegg 247 pasientar som stod på venteliste for å få fastlege. Då Fitjar kommune ikkje har listekapasitet til innbyggjarane sine, har kommunen fått refusjonskrav for gjesteinnbyggjaroppgjjer for fastlegeordninga (betalingsplikt for innbyggjarar som nyttar fastlege i annan kommune), for 2021 utgjorde dette kravet kr 372 426,-, og i 2022 var kravet på kr 400 357,-.

Presset på tenesta og listekapasiteten viser eit stort behov for å styrke tenesta med min. ein 100 % fastlege, noko som generer auke i kontorpersonell. Fitjar kommune har hatt store utfordringar med rekruttering og å behalde fastlegar, sjølv om ein har gjort fleire grep for å vera meir attraktiv. Som det er meldt frå om er det ein fastlege som har sagt opp frå 1. januar 2024. Kommune har diverre nyleg fått ei ny oppseiing frå fastlege nr to, som har sin siste arbeidsdag 29.02.2024. Dette generere store kostnader til vikarbyrå, for å oppretthalde ei forsvarleg legedrift. Skal ein for framtida klare å stå i konkurransen med andre kommunar må me ta innover oss at pasientlister på 800 til 900, gir eit for stort arbeidspress i tillegg til tilsynsfunksjonane fastlegane har.

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 har kommunen plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfang og innhald av tenestene er i samsvar med lovkrav. Dette omfattar også plan for legetenesta i kommunen. Fitjar kommune treng ein stabil og fagleg trygg legedekning i dag og i framtida. Kommunen skal sørgje for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse og omsorgstenester (hol, §3-1). Fastlegeforskrifta slår fast at alle skal få naudsynte allmennlegetenester av god kvalitet til rett tid. Kommunen har ansvar for at fastlegeordninga er organisert slik at personar som ynskjer det får tilbod om plass på fastlegelister. Det inneber at kommunen skal sørgje for eit tilstrekkeleg tal legar i fastlegeordninga (fastlegeforskrifta, §§ 1, 3 og 4).

For å kunne ivareta innbyggjarane i Fitjar sine rettigheitar til fastlege vil administrasjonen sjå på heile organiseringa av legesenteret på nytt, der ein vil kartlegge alternative arbeidstider og korleis kontoret kan effektiviserast på anna måte enn det tradisjonelt har vore drevet. Resultatet av kartlegging vil ein kome attende til i eiga sak i starten av 2024.

Ved å flytte 7. klasse i Selevik, er det noko innsparing, eller kun kostnad med transport ? Det vert ikkje endring i tal klassar, slik at det berre er transportutgifter knytt til dette.

Er aksjar Haugaland Kraft inne som egenkapital ?

Aksjane ligg som anleggsmiddel (eigendel)

I tilfelle kor mykje ?

Kva er lagt inn som stipulert aksjeutbytte frå Haugaland Kraft i 2024 ?

kr 1 015 000,-

Har ein fått info om kva vil aksjeutbytte bli i 2024 ?

Nei, men viss me legg til grunn Karmøy kommune sitt budsjett, vil utbytte bli om lag 110 000,- høgare i 2024 og 2025, og 100 000,- lågare i 2026 og 2027.

Ved ikkje å auke VA-gebyret meir enn kommunal deflator for 2024, kva vil det bety ? Kva tiltak må vi då gjere ?

Kva innsparingar vil ein få i 2024 og i 2025 (og event. vidare) ved å ikkje bli fleire enn 3200 innbyggjarar 1.1.24 ?

Planlagt tenestetilbod vil ikkje bli endra.

Me var 3201 innbyggjarar i sist veke 😊

I budsjettframlegget er det lagt opp til eit folketal på 3202 personar per 01.01.2024, og nytt inntektssystem frå 2025.

- Småkommunetilskotet (3 264) er bytta ut med sør-noreg tilskot på 1 500. Dersom kommunen har mindre enn 3200 innbyggjarar 1/1-2024, vil me få nytt småkommunetilskot (i 2025) på ca. 3 620.

- Netto skatteinngang per person utgjer 37-38 000,-

- Me vil kvalifisera for tilleggskompensasjon for spesielt høge utgifter til ressurskrevjande tenester i 2024. Denne er avhengig av fleire interne og eksterne faktorar, men kan komme opp i over 5 mill.

Med helsing

Trond Salmo  
økonomisjef